

Verner Bjerkvik

Våpenlova

Lovkommentar

 Denne utgivelsen finnes på www.juridika.no

Våpenlova

Verner Bjerkvik

Våpenlova

Lov 20. april 2018 nr. 7 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Lovkommentar

Universitetsforlaget

© H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard) AS ved Universitetsforlaget, Oslo 2023

ISBN 978-82-15-05211-3

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med rettighetshaverne er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov eller tillatt gjennom avtale med Kopinor, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk. Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar og inndragning og kan straffes med bøter eller fengsel.

Henvendelser om denne utgivelsen kan rettes til:

Universitetsforlaget
Postboks 508 Sentrum
0105 Oslo

www.universitetsforlaget.no

Omslagsdesign: ANTI / Erik Johan Worsøe Eriksen

Omslag: Universitetsforlaget

Sats: ottaBOK

Trykk: Aksell AS

Innbinding: Bokbinderiet Johnsen AS

Boken er satt med: Times LT Std 10,5/12,5

Papir: 90 g Amber Graphic 1,25



Føreord

Våpenlova av 2018 vart sett i kraft 1. juni 2021 og avløyste våpenlova av 1961. I Noreg er det registrert nær 1,4 millionar skytevåpen fordelt på nesten 500 000 private våpeneigarar. Fleirtalet av våpeneigarane har skytevåpen for å utøve jakt og skytesport. Dei mange våpeneigarane gjer at det også er ein stor marknad for handel med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, og dessutan for reparasjon og tilverking av våpendelar. I Noreg er det også etablert ein våpenindustri, som mellom anna produserer ammunisjon til militært bruk. Samla er det difor mange som vert omfatta av våpenregelverket. Til gjeldande våpenlov er det kome til lovkommentarar frå Karnov og Gyldendal rettsdata. Føremålet med denne lovkommentaren er å supplere desse framstillingane med eit noko meir omfattande oversyn over våpenregelverket.

Parallelt med ferdigstilling av proposisjonen til ny våpenlov skjedde det ein større revisjon av EU sitt våpendirektiv 91/477/EØF, som resulterte i endringsdirektiv (EU) 2017/853. Det reviderte direktivet var eit viktig bakteppe for utforming av sentrale føresegner i våpenlova. Vidare er det også anna internasjonalt regelverk som set viktige rammer for norsk våpenlovgjeving. Det internasjonale regelverket set i hovudsak minimumsstandardar for våpenkontroll, og statane kan som regel fastsette strengare regelverk i si nasjonale våpenlovgjeving. På viktige punkt er det norske regelverket meir omfattande enn det som følgjer av våre internasjonale forpliktingar. For eit samla oversyn over våpenregelverket er det under dei aktuelle føreseggnene gjeve ein kortfatta omtale av internasjonalt regelverk.

Eg vil gje ei stor takk til (i usortert rekkefølge) Magnus Grøn Strømstad, Carl Fredrik Helgeland, Simon Alexander Nystuen, Wemunn Strand Aabø, Jørgen Wesenlund Spangen, Ingeborg Skonnord, Jarle Tvinnereim og Nina Helene Nordby for å ha lese gjennom heile eller delar av manus og gjeve verdifulle innspel. Ei stor takk også til forlaget gjennom forlagsredaktørane Neslihan Cin, Tonje Kolflaath Harnang og manuskoordinator Yngve Nordgård for gode råd og innspel underveis i skriveprosessen. Det er også andre som på ulike vis har bidrege til denne framstillinga, og som fortener takk. Ingen nemnd, men heller ingen gløymd. Ansvaret for feil og manglar i framstillinga ligg sjølv sagt hjå meg åleine.

Den største takka fortener likevel kona mi Kjersti og gutane våre Johannes og Olav. Dokker har synt stort tolmod med ein ektemann og far som over (for) lang tid har bruka kveldar, helgar og anna fritid til å ferdigstille denne boka.

Framstillinga er forsøkt halde oppdatert per 1. februar 2023. Kommentarutgåva vert også publisert elektronisk på kommentarutgaver.no og vert oppdatert med jamne mellomrom etter kvart som det kjem til ny rettspraksis eller andre rettskjelder. Eg tek gjerne imot innspel eller kommentarar frå deg som leser.

Langhus, mai 2023

Verner Bjerkvik

Kapittel 1

Historikk og internasjonale rammer

Nedanfor vert det gjeve eit kort oversyn over utviklinga av våpenregelverket. Noko av gjeldande regelverk har sitt utspring i den første samla våpenlova. Historikken kan difor vere med å gje eit bilete av korleis våpenregelverket har utvikla seg. Rettsutviklinga på dette området syner også at krava til kontroll med tilkomsten til skytevåpen, våpendelar og ammunisjon gradvis har vorte strengare. Det kan vere mange grunnar til behovet for betre kontroll, som til dømes utviklinga i kriminalitet, kva våpentypar som er tilgjengelege på marknaden og samfunnet sin aksept av den risikoen som er knytt til skytevåpen. Samstundes syner historikken den høvesvis store betydinga jakt og skytesport har i Noreg, og ønsket om å halde denne tradisjonen i hevd.

Mange av reglane i våpenlov og forskrift er komne til for å oppfylle krav i internasjonalt regelverk som Noreg har bunde seg til å gjennomføre. For å gje eit bilete av heilskapen i våpenregelverket vert det difor også gjeve eit kortfatta oversyn over relevant internasjonalt regelverk som dannar bakgrunnen for sentrale føresegner i våpenregelverket.

Historikk

Rettstilstanden før 1927

Den første heilskaplege våpenlova vart fastsett i 1927. Før dette var våpenregelverket i hovudsak fastsett som kongelege resolusjonar og direktiv som var heimla i ulike lovverk. Mykje av det første regelverket for kontroll med omsetnaden av skytevåpen og ammunisjon kom til rundt 1918. Det kan vere grunn til å tru at bakgrunnen for denne reguleringa var uro for at revolusjonen i Russland skulle spreie seg til Noreg.

Den første våpenreguleringa vart fastsett for sprengstoff og ammunisjon. Reguleringa av kjøp og sal var fastsett i medhald av lov 11. juni 1915 nr. 4 om forandring i § 6 i ildsfarligetsloven av 3. mai 1871. Denne lovendringa gav opphavleg Kongen mynde til å kunne gje føresegner om kjøpeløyve for sprengstoff. Og det vart fastsett slikt krav til løyve i dei tre nordlegaste amta. Bakgrunnen for dette var visstnok å kome til livs bruken av sprengstoff til fiske, jf. NUT 1958: 9 side 6. Først tre år seinare vart kravet til kjøpeløyve gjort gjeldande over heile landet. Ved kgl.res. 22. februar 1918 vart reglane om krav til løyve for kjøp av sprengstoff også gjort gjeldande for ferdigladd ammunisjon.

I mars 1918 vart det etablert ei ordning der staten mellombels kjøpte opp dei skytevåpena som forhandlarane hadde på lager. Skytevåpena vart utleverte til forhandlarane etter kvart som dei vart selde, mot at forhandlarane garanterte at dei berre vart selde til pålitelege personar. Seinare vart det etablert ei ordning der personar som ville kjøpe skytevåpen, måtte vere godkjende av politiet.

Våpenlova av 1927

Det fragmenterte og dels uheimla regelverket gjorde det krevjande å både forvalte og etter leve dei krava som gjaldt for det offentlege sin kontroll med skytevåpen, våpendalar og ammunisjon. For å bøte på dette sendte Justisdepartementet i 1925 brev til Forsvarsdepartementet med førespurnad om å lage eit utkast til ein samla våpenlov. Forsvarsdepartementet sa seg samde i dette og gav Generalfelttøyymesteren (sjefen for Hæren sitt våpentekniske korps) i oppdrag å lage eit utkast til ein våpenlov.

Generalfelttøyymesteren leverte sitt utkast 15. juni 1926. Utkastet vart førelagt relevante departement, som i det vesentlege slutta seg til utkastet. Forsvarsdepartementet fremja 25. juni 1926 Ot.prp. nr. 56 (2016) Om utferdigelse av en lov og innførsel, utførsel og salg av våben og ammunisjon, samt deler derav. Våpenlova vart fastsett av Stortinget 28. juni 1927 og sett i kraft 1. april 1928. Våpenlova av 1927 gjaldt for våpen, skytevåpen, ammunisjon og sprengstoff.

Våpenlova gjaldt også for våpen som ikkje vart rekna som skytevåpen, dette omfatta bajonettar, samt alle slag-, hogg- eller stikkvåpen med klingelengde over 25 cm, jf. § 1. I tillegg til denne våpenlova fanst det også ulike føresegner om skytevåpen i andre lover. Mellom anna var aldersgrensa for innehav av skytevåpen fastsett i lov 26. april 1912 om forbod mot å overlate skytevåpen mv. til born under 15 år. Vidare var det frå 1898 vedteke forbod mot å bruke lange prosjektil i finkalibra skytevåpen, jf. lov 11. juni 1898 imod Anvendelse af lange Projektiler i langtrækkende Rifler. Desse føresegnene vart først oppheva ved ikraftsetjing av våpenlova av 1961, jf. § 36 i våpenlova av 1961.

Våpenlova av 1927 gav føresegner om kontroll med innførsel, utførsel og handel med gjenstandar som var omfatta av lova sitt verkeområde. Omsetnad av skytevåpen og ammunisjon på anna måte enn gjennom kjøp og sal var ikkje lovregulert. Ei viktig nyvinning med våpenregelverket var krav til løyve for å kunne drive handel med skytevåpen, og dei krava som i § 16 vart sette til dokumentasjon med omsetnad og rapportering, samsvarar i hovudsak med dei ein finn i gjeldande våpenregelverk.

Forsvarsdepartementet fremja i 1936 eit framlegg til ny våpenlov gjennom Ot.prp. nr. 8 (1936), som skulle avløyse lova frå 1927. Departementet føreslo mellom anna å innføre krav til løyve for å kunne ha skytevåpen (våpenkort). Lovframlegget møtte stor motbør i Stortinget og i lovvedtak 10. juli 1936 vart det berre fastsett mindre endringar i våpenlova av 1927.

Våpenlova av 1961

Ved kronprinsregenten sin resolusjon av 5. oktober 1956 vart det oppnemnt eit utval som skulle greie ut og fremje eit utkast til revisjon av gjeldande våpenlov. Utvalet la fram si innstilling 12. desember 1958. Det dåverande Justisdepartementet la i hovudsak til grunn utvalet si innstilling i framlegg til ny våpenlov, som vart fremja 29. april 1960.

I våpenlova frå 1961 vart ansvarleg departement endra frå Forsvarsdepartementet til Justisdepartementet. Saker etter våpenlova skulle som hovudregel handsamast av stadleg politimeister, som kunne delegere vedtaksmyndet.

Den største endringa med våpenlova av 1961 i høve til førre våpenlov var innføring av krav til våpenløyve for å kunne erverva skytevåpen på annan måte enn gjennom kjøp, og dessutan krav til løyve for å kunne ha skytevåpen og våpendelar. Kravet til løyve gjaldt også for personar som hadde erverva skytevåpen før ikraftsetjing av den nye lova. Dette kravet til løyve gjaldt også for skytevåpen som var erverva før ikraftsetjing av den nye lova. Personar som hadde erverva skytevåpen før våpenlova tok til å gjelde, måtte sende søknad om våpenkort innan 1. januar 1964.

I våpenlova av 1961 vart det også lovfesta at politiet kunne tilbakekalle våpenløyve til personar som ikkje oppfylte nærmere bestemte krav til personlege eigenskapar eller som ikkje lenger hadde eit behov eller annan rimeleg grunn til å ha skytevåpen. Reglane om våpenkort fordra at politiet også førte eit register over personar som hadde våpenløyve. Personar som hadde våpenkort, kunne erverva ammunisjon ved å syne det fram framfor å måtte söke politiet om løyve. Våpenlova av 1961 var elles ei utprega fullmaktslov, der mange sentrale føresegner vart lagde til forskrift.

Seinare endringar av våpenlova av 1961

Våpenlova har etter fastsetjing vore revidert ved fleire høve. Ein fellesnemnar for dei fleste lovrevisjonane har vore ønsket om å etablere strengare krav til våpenkontroll. Nedanfor følgjer ein omtale av dei mest sentrale lovendringane. Opprekninga er ikkje uttømmande.

Den første større revisjonen vart gjort ved lovvedtak 23. juni 1978 nr. 69. I denne lovrevisjonen vart mellom anna minstealderen for erverv og innehav av skytevåpen endra frå 16 til 18 år. Vidare vart vilkåra for tilbakekall av våpenløyve gjort likt som for ervervsløyve. Det vart også sett krav til løyve for våpenimitasjonar og liknande som forholdsvis lett kan gjerast om til å skyte skarp ammunisjon. Det vart også sett krav til løyve for å kunne gjere vesentlege endringar i eit skytevåpen, medrekna skytevåpen som var unntakne frå kravet til løyveplikt etter § 5. Vidare vart det mellom anna gjeve ein forskriftsheimel til å kunne gje forbod mot nærmere bestemte våpen som ikkje vert rekna som skytevåpen, og dessutan forbod mot å eige eller ha ammunisjon som var erverva i strid med våpenlova.

I proposisjonen vart det drøfta om det skulle innførast krav til løyve- og registreringsplikt for haglevåpen og luft- og fjørvåpen, jf. Ot.prp. nr. 3 (1977–1978) side 9–10. Departementet syntet mellom anna til at desse skytevåpena utgjorde eit problem, men at det ville vere for ressurskrevjande å innføre krav til kontroll med slike skytevåpen. Det vart i staden innført krav om løyve- og registreringsplikt for automat- og magasinhagle gevær, som også gjaldt personar som hadde erverva slike skytevåpen før ikraftsetjing av endringslova, jf. forskrift 25. januar 1963 nr. 9722 § 27-1 nr. 2 og 3.

Ved endringslov 21. desember 1984 nr. 98 vart det gjeve ein forskriftsheimel til å kunne krevje gebyr for utfording av løyve til erverv av skytevåpen og våpendelar. Vidare vart det 9. mars 1990 gjort ei lovendring slik at også enkelt- og dobbeltløpa haglevåpen med enkeltskotladning vart omfatta av kravet til løyve- og registreringsplikt. Bakgrunnen for denne lovendringa var ifølgje førearbeida at slike skytevåpen i stadig større grad vart nytta til alvorlege strafflagde handlingar, jf. Ot.prp. nr. 13 (1989–1990) side 1–2. Departementet

meinte at dette kravet til løyve- og registreringsplikt berre skulle gjelde for framtidig erverv fordi eit krav om etterregistrering ville krevje store ressursar og vere krevjande å gjennomføre. Dette fekk tilslutning i Stortinget, og kravet til løyve- og registreringsplikt for enkelt- og dobbeltløpa haglevåpen tok til å gjelde frå 1. oktober 1990.

I 1995 oppnemnte Justisdepartementet eit utval som skulle vurdere og fremje framlegg om naudsynte endringar i våpenlovgjevinga. Bakgrunnen for dette var den store auken i talet på registrerte valdslovbrot og ønsket om å hindre ulovleg våpenbruk. Utvalet leverte si innstilling i to delar. Del I omhandla heimel for å kunne innføre tidsavgrensa våpenamnesti, medan del II gjaldt einskilde endringar i våpenlovgjevinga. Utvalet føreslo høvesvis store endringar i våpenlova, som mellom anna tidsavgrensa våpenløyve, heving av aldersgrensa for erverv og innehav av skytevåpen frå 18 til 21 år, lovfesting av krav til oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon, etterregistrering av uregistrerte haglevåpen som var erverva før 1. oktober 1990, samt heimel for politiet til å kunne gjøre umelde kontrollar av oppbevaring i privat bustad. Vidare føreslo utvalet å opprette eit sentralt våpenregister.

Det vart også føreslått andre endringar, som til dømes forbod mot utan aktverdig grunn å bere skytevåpen på offentleg stad, heimel for å kunne innføre forbod mot nærmere bestemte skytevåpen og ammunisjon, heimel for politiet til å kunne krevje innlevering av skytevåpen ved førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyve, samt krav til løyve- og registreringsplikt for våpenmagasin, strengare straff for alvorlege brot på våpenlova med meir.

Som ei oppfølging av utvalet sitt arbeid fremja dåverande Justisdepartementet 26. mars 1998 Ot.prp. nr. 74 (1996–1997) Om lov om endringer i lov i lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v. Dei mest radikale tilrådingane møtte stor motbør i høyringa og vart ikkje vidareført av Justisdepartementet. Departementet vidareførte likevel mange av dei andre framlegga til utvalet. Dei mest sentrale framlegga til lovendringar var heimel til å kunne innføre løyve- og/eller registreringsplikt for andre våpendalar enn piper og låskasser, heimel til å kunne gje forbod mot nærmere bestemte skytevåpen og ammunisjon, heimel til å kunne innføre strengare aldersgrense for andre våpentypar enn pistol eller revolver, plikt for politiet til å tilbakekalle våpenløyve når løyvehavar ikkje lenger oppfylte krava til personlege eigenskapar, lovfesting av krav til oppbevaring, heimel for politiet til å kontrollere oppbevaring av skytevåpen i privat bustad, forbod mot å utan aktverdig grunn bere skytevåpen på offentleg stad og strengare straff for dei mest alvorlege brota på våpenlova.

Når det gjaldt føresegner om våpenamnesti, meinte Justisdepartementet at det ikkje var naudsynt med lovheimel for å kunne gjennomføre eit innleveringsamnesti med etterregistrering, og at det ville vere tilstrekkeleg med eit påtaledirektiv frå Riksadvokaten om at brot på kravet til løyve- og registreringsplikt på nærmere bestemte vilkår ikkje skulle straffeforfølgjast. Justisdepartementet fremja heller ikkje framlegg om krav til etterregistrering av uregistrerte haglevåpen. Dei synte til at slik etterregistrering kravde at det vart etablert eit sentralt våpenregister, og at etterregistrering først kunne skje etter at eit slikt våpenregister var etablert.

I Justiskomiteen si innstilling vart det berre føreslått mindre endringar til lovframlegget. Det framlegget som utløyste den største usemja var framlegget om å innføre heimel for politiet til å kunne føre kontroll med oppbevaring i privat bustad, nærmere om denne

føresegna i kommentarane til § 31. Lovendringane vart fastsett ved lov 5. juni 1998 nr. 35 om endringer i lov 9. juni 1961 om skytevåpen og ammunisjon m.v.

Justisdepartementet fremja 24. november 2000 framlegg til endringar i våpenlova, Ot.prp. nr. 21 (2000–2001). Denne proposisjonen var i hovudsak ei oppfølging av førre lovrevisjon, med framlegg til presiseringar av kravet til ulovleg væpning på offentleg stad, heimel for innføring av sentralt elektronisk våpenregister, delegasjon av mynde frå Justisdepartementet til Politidirektoratet og endring av straffeføresegna. I tillegg synte det seg at eit våpenamnesti ikkje kunne gjennomførast ved å fastsetje påtaledirektiv, og det vart difor også fremja eit framlegg til heimel for å kunne gjennomføre tidsavgrensa nasjonale våpenamnesti. Lovframlegget fekk tilslutning i Stortinget og vart fastsett ved lov 1. juni 2001 nr. 27 om endringer i lov 9. juni 1961 om skytevåpen og ammunisjon m.v.

Medan Justis- og beredskapsdepartementet arbeidde med framlegg til ny våpenlov, fremja EU-kommisjonen i november 2015 eit utkast til revidert EU-våpendirektiv, og endringsdirektivet vart fastsett 17. mai 2017. For å kunne gjennomføre hovuddelen av endringsdirektivet fremja Justis- og beredskapsdepartementet framlegg til lovendringar som gav departementet heimel til å kunne forskriftsfeste føresegner om strengare kontroll med deaktiverte skytevåpen. Dette lovframlegget vart fastsett av Stortinget ved lov 10. januar 2020 nr. 1 lov om endringer i politiloven mv. (bevæpnet patruljering mellom sårbare objekter).

Våpenlova av 1961 var elles utfylt av eit omfattande forskriftsverk, som vart endra parallelt med dei mange lovendringane. Dette omfatta ikraftsetningsforskrifta (forskrift 25. januar 1963 om ikrafttreden av og delegasjon etter lov om skytevåpen og ammunisjon), våpenforskrifta (forskrift 25. juni 2009 nr. 904 om skytevåpen, våpendeler og ammunisjon mv.), forskrift om ikrafttreden av og delegering etter endringslov 23. juni 1978 nr. 69 til lov om skytevåpen og ammunisjon, forskrift 9. september 2011 nr. 930 om forbudte skytevåpen og godkjente halvautomatiske skytevåpen, samt forskrift 1. juli 1988 nr. 548 om anlegg av og godkjenning av sivile skytebaner.

I tillegg var våpenlov med tilhøyrande forskrifter utfylt med eit omfattande rundskriv-verk. I byrjinga vart det utferda fleire ulike rundskriv som seinare vart samla i rundskriv RPOD-2009-9. Dette rundskrivet fastsette fleire sentrale materielle reglar, som mellom anna vilkår for erverv av skytevåpen til sportsskyting, føresegner om krav til vandel og helse, forbod mot nærmere bestemte ammunisjonstypar med meir. Ikkje alle desse føresegogene var godt avstemte med våpenlov og forskrift, noko som mellom anna dåverande Sivilombodsmannen (no Sivilombodet) peika på i fråsegnene 2011/2370 og 2011/486. Det fragmenterte regelverket der sentrale føresegner var spreidde mellom lov, ulike forskrifter og rundskriv, gjorde det krevjande å finne ut av kva som var gjeldande rett.

Vegen fram til fastsetjing av våpenlova av 2018

Ikkje ulikt situasjonen som leidde til den første våpenlova i 1927, førte dei mange lov- og forskriftsendringane til eit behov for eit meir oversynleg og oppdatert våpenregelverk. Etter tilråding frå justisministeren vart det oppnemnt eit utval som skulle gjennomgå gjeldande våpenlovgjeving. Oppnemninga av utvalet skjedde ved kongeleg resolusjon 18. juni 2010. Utvalet var leia av ein sorenskrivar og med medlemer frå Justis- og beredskapsdepartementet (eitt medlem), politiet (to medlemer), helsevesenet (eitt medlem) og våpenorganisasjonane (tre medlemer). Mandatet til utvalet var mellom anna:

«Utvalget skal foreta en total gjennomgang av gjeldende våpenlovgivning og fremme forslag til ny våpenlov (eller foreta nødvendig endringer i eksisterende våpenlovgivning) med bakgrunn i samfunnsutviklingen og fremtidige utfordringer. Forslaget til lov (lovendringer) skal legge vekt på forebyggende og tillitsskapende tiltak, herunder tiltak som vil kunne forhindre ulovlig våpenbruk og medvirke til bedre kontroll med sivile våpen. Den kulturhistoriske betydningen av våpenbruk i Norge skal også vektlegges.»

Utvalet leverte si innstilling NOU 2011: 19 den 5. desember 2011, med eit utkast til ny våpenlov. Utvalet si innstilling bar preg av mange dissensar, der usemja i hovudsak var mellom medlemene frå dei offentlege etatane og våpenorganisasjonane. I innstillinga vart det tilrådd ei rad med strengare krav til kontroll med kven som skulle ha våpenløyve. Det vart mellom anna tilrådd å lovfeste krav til helse for våpenløyve, krav til lækjarfråsegn ved nærmere bestemte søknader om våpenløyve, meldeplikt for helsepersonell og godkjende skyttarorganisasjonar om våpeneigarar som ikkje oppfylte krava til helse, krav til regelvisse eigenfråsegner frå løyvehavarar, samt ei undersøkingsplikt for tingrettar i høve skytevåpen i dødsbu.

Eit sentralt spørsmål for utvalet var også kva skytevåpen som skulle vere tillatne. Utvalet tilrådde ikkje større endringar i gjeldande rett, men tilrådde i staden at våpenmagasin med stor patronkapasitet skulle underleggast krav til løyve, på same vis som andre løyvepliktige våpendelar. Dei auka kostnadene til desse framlegga skulle etter tilrådinga mellom anna finansierast gjennom ei årleg avgift for våpeneigarar. Utkastet til ny våpenlov vart sendt på høyring 9. mars 2012 med høyringsfrist 12. juni 2012.

Den 1. september 2017 fremja Justis- og beredskapsdepartementet framlegg til ny våpenlov (Prop. 165 L (2016–2017)). I lovframlegget vart dei mest radikale tilrådingane i våpenlovutvalet si innstilling forkasta, medan det vart lovfesta krav til særskilt løyve for å kunne erverve og ha halvautomatiske rifler med størst skadepotensial. Dei nærmere vilkåra for løyve skulle fastsetjast i forskrift. Dette kravet til særskilt løyve skulle også gjelde for allereie tildelte våpenløyve med ein overgangsperiode på tre år. Personar som hadde løyve for halvautomatiske rifler som vart forbodne etter lovframlegget skulle innanfor denne tidsfristen enten destruere, avhende eller deaktivere skytevåpenet. Alternativt kunne løyvehavar også melde seg inn i godkjend skyttarforeining og oppfylle dei særskilde krava til aktivitet og opplæring som vart forskriftfesta for å kunne drive sportsskyting med det aktuelle skytevåpenet.

Ein annan viktig endring var lovfesting av krav til løyve for å kunne låne skytevåpen. Dette kravet til løyve skulle ikkje gjelde for personar som hadde våpenløyve for tilsvarande skytevåpen.

Lovframlegget var elles i hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett, men der sentrale føresegner vart løfta frå forskrits- og rundskrivsnivå til lov. Dette gjaldt mellom anna reglane om erverv av skytevåpen til jakt, sportsskyting og samling.

Justiskomiteen leverte si innstilling 27. februar 2018 med mindre justeringar av lovframlegget. Dette gjaldt mellom anna kor mange skytevåpen som kunne ervervast til jakt utan særskild behovsprøving og unnatak frå kravet til merking for våpensamlarar. Lovframlegget møtte liten motstand i stortingshandsaminga og vart i hovudsak fastsett i samsvar med justiskomiteen si innstilling.

Før ny våpenlov kunne setjast i kraft, var det naudsynt å lage ei ny våpenforskrift. Sjølv om sentrale føresegner vart løfta frå forskrift og rundskriv til lov, er størsteparten av detaljreguleringa framleis regulert i forskrift. Eit framlegg til ny våpenforskrift vart sendt på høyring 12. mars 2020 med høyringsfrist 2. juni 2020. I samband med forskriftsarbeidet vart ein merksam på eit behov for endring av nokre føresegner i den nye våpenlova. I høyringsframlegget til ny våpenforskrift vart det difor samstundes sendt på høyring framlegg til einskilde lovendringar.

Høyringsframlegget gjekk i hovudsak ut på endringar knytte til oppbevaring av løyvepliktige skytevåpen i annan bustad enn der vedkomande er folkeregistrert, unnatak frå forvaltningsloven i saker om mellombels innførsel av jaktvåpen, og dessutan raskare ikraftsetjing av forbodet mot halvautomatiske rifler med størst skadepotensial. Vidare vart det gjort framlegg om lovendringar av redaksjonell karakter. Som ei oppfølging av dette høyringsframlegget fremja Justis- og beredskapsdepartementet 23. oktober 2020 Prop. 19 L (2020–2021) om endringar i våpenlova (oppbevaring av skytevåpen mv.).

Politidirektoratet fastsette i desember 2022 rundskriv RPOD 2022-8, som gjev føringer til politidistrikta for korleis dei skal tolke og praktisere våpenlov- og forskrift. Dette rundskrivet gjev også visse materielle føresegner i samsvar med fullmakter fastsette i våpenforskrifta.

Internasjonale rammer

Produksjon og handel med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon har både stor økonomisk og tryggingspolitiske betydning. Det er gjeve internasjonalt regelverk som skal trygge at produksjon og handel skjer på ein forsvarleg måte, og for å førebygge at det vert overført skytevåpen og anna krigsmateriell til statar som vil bruke gjenstandane til alvorlege brotsverk. I EU er det også etablert eit våpenregelverk med ein felles minimumsstandard for våpenkontroll.

Nedanfor følgjer ein omtale av det internasjonale regelverket som i størst grad set dei overordna rammene for det norske våpenregelverket. I omtalen av dei einskilde føresegne vert det også gjeve ein noko meir omfattande omtale av relevant internasjonalt regelverk. Opplistinga er ikkje uttømmande, og for ein nærmare omtale av relevant internasjonalt regelverk vert det syna til omtalen i Prop. 165 L (2016–2017) side 12–14 med vidare tilvisingar.

EU sitt våpendirektiv

I samband med at EU etablerte den indre marknaden, med flyt av varer, personar og tenester mellom medlemsstatane, var det behov for å etablere felles reglar for mellom anna overføringar av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. EU fastsette 18. juni 1991 Rådsdirektiv 91/447/EØF (våpendirektivet). Føremålet med direktivet var mellom anna å fastsette ein felles minimumsstandard for våpenkontroll og å etablere prosedyrar for inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon mellom medlemsstatane. Noreg forplikta seg til å gjennomføre våpendirektivet og seinare endringar av dette gjennom sin tilknytingsavtale til Schengen-samarbeidet (18-05-1999 nr. 2 Multilateral) artikkel 2, jf. vedlegg B, som vart sett i kraft 26. juni 2000.

Våpendirektivet vart revidert i 2008, i samband med at EU signerte FN sin våpenprotokoll. Vidare vart det gjennomført ein høvesvis stor revisjon av våpendirektivet i 2017. Den siste revisjonen innebar ei utviding av verkeområdet til våpendirektivet, slik at det mellom anna skulle gjelde for skytevåpen som er gjorde om til berre å kunne skyte ammunisjon utan prosjektil (såkalla alarm- og signalvåpen), for deaktiverte skytevåpen, samt at våpensamling også vart regulert i medhald av direktivet. Regjeringa fremja 1. september 2017 Prop. 166 S (2016–2017) om samtykke til godtakning av direktiv (EU) 2017/853 om kontroll med erverv og innehav av våpen (vidareutvikling av Schengen-regelverket). Stortinget gav sitt samtykke gjennom vedtak 530 den 8. mars 2018.

Dei mange endringane i det opphavlege rådsdirektivet gjorde regelverket vanskeleg tilgjengeleg, då ein måtte ha tilgang til både det opphavlege direktivet og endringsdirektiva i 2008 og 2017 for å få oversyn over innhaldet. I 2021 vart våpendirektivet erstattat av eit nytt samledirektiv (EU) 2021/555, der alle endringane vart innarbeidde i det nye direktivet. I det nye samledirektivet vart det berre gjort redaksjonelle endringar i høve til Rådsdirektiv 91/447/EØF, jf. EU-kommisjonen sitt Explanatory Memorandum inntekne i framlegg 2020/0029 (COD).

EU sitt våpendirektiv set som nemnt ein minstestandard for våpenregulering, og er ikkje til hinder for at dei einskilde medlemsstatar fastset strengare reglar i nasjonal rett. Våpendirektivet gjeld ikkje for dei væpna styrkane, politiet eller anna offentleg mynde i dei einskilde medlemsstatane, eller for overføring av militært våpen og utstyr mv. i medhald av direktiv (EU) 2009/43, jf. artikkel 2 nr. 2. Som det følgjer av definisjonen av skytevåpen i artikkel 1 nr. 1, gjeld våpendirektivet heller ikkje for luft- og fjørsvåpen eller andre skytevåpen som ikkje brukar brennbart materiale som drivladning. I vedlegg I til våpendirektivet punkt III bokstav a og b er det gjort unnatak frå våpendirektivet sitt verkeområde for skytevåpen som:

- «a) er bygget med henblik på alarmanlæg, signalering, redningsaktioner, slagting eller harpunfiskeri, eller som er beregnet til industrielle eller tekniske formål, under forudsætning af, at de kun kan anvendes til dette præcise formål
- b) betragtes som antikke våben, for så vidt sådanne våben ikke indgår i kategorierne i afsnit II og er underlagt national lovgivning.»

Skytevåpen og ammunisjon som er omfatta av våpendirektivet sitt verkeområde, er klassifisert i tre kategoriar A, B og C etter gjenstanden sitt skadepotensial. Kva gjenstandar som høyrer inn under desse kategoriene, er nærmere omtala nedanfor. Vesentlege våpendelar (pipe, rammestykke, låskasse, sleide, sluttstykke, tønne til revolver og laus låseblokk) vert rekna i same kategori som det skytevåpenet dei er meint å skulle brukast i, jf. artikkel 1 nr. 2. For ammunisjon er nokre særskilde ammunisjonstypar rekna som ammunisjon i kategori A, medan krava til erverv og innehav for andre typar ammunisjon enn dei som er særskilt nemnde i vedlegg I til våpendirektivet, er dei same for det skytevåpenet som ammunisjonen skal brukast i, jf. artikkel 13.

For skytevåpen, vesentlege våpendelar og ammunisjon i kategori A er det i artikkel 9 sett særskilde krav til når medlemsstatane kan gje løyve til å erverve og ha slike gjenstandar. For gjenstandar i kategori B er det i artikkel 5 og 10 sett krav til at medlemsstatane må utferde løyve for den som vil erverve og ha slike skytevåpen, våpendelar og

ammunisjon. For skytevåpen, vesentlege våpendelar og ammunisjon i kategori C er det sett krav til at medlemsstatane må etablere ei ordning med registreringsplikt for erverv og innehav, men slik at det ikkje er krav om løyve.

Kategorisering av skytevåpen

I vedlegg I til våpendirektivet er det gjeve detaljerte føresegner om kva skytevåpen og ammunisjon som er definert i kategori A, B og C.

Skytevåpen og ammunisjon som er omfatta av kategori A og som medlemsstatane berre kan gje løyve til på dei vilkår som er sett i artikkel 9:

- «1. Militære kampvåben og granatkastere med eksplosjonseffekt.
- 2. Fuldautomatiske skydevåben.
- 3. Skydevåben, der er camoufleret som en anden genstand.
- 4. Panserbrydende ammunition,brisant- eller brandammunition samt projektiler til disse typer ammunition.
- 5. Ammunition til pistoler og revolvere med ekspanderende projektiler samt disse projektiler, med undtagelse af våben til jagt eller sportsskydning for personer med særlig tilladelse til at bruge disse våben.
- 6. Fuldautomatiske skydevåben, som er blevet ombygget til halvautomatiske skydevåben, jf. dog artikkel 10, stk. 5.
- 7. Følgende halvautomatiske skydevåben med centraltænding:
 - a) korte skydevåben, der giver mulighed for affyring af over 21 patroner uden genlading, hvis:
 - i) et magasin med en kapasitet på over 20 patroner indgår i skydevåbnet, eller
 - ii) et aftageligt magasin med en kapasitet på over 20 patroner indsættes i det
 - b) lange skydevåben, der giver mulighed for affyring af over 11 patroner uden genlading, hvis:
 - i) et magasin med en kapasitet på over ti patroner indgår i skydevåbnet, eller
 - ii) et aftageligt magasin med en kapasitet på over ti patroner indsættes i det.
- 8. Halvautomatiske lange skydevåben, dvs. skydevåben, der oprindelig er beregnet til at blive affyret fra skulderen, som kan afkortes til en længde på mindre end 60 cm uden at miste funksjonalitet ved hjælp af en folde- eller teleskopkolbe eller en kolbe, der kan tages af uden brug af værktøj.
- 9. Ethvert skydevåben i denne kategori, der er blevet ombygget til affyring af løse skud, lokalirriterende midler, andre aktive stoffer eller pyroteknisk ammunition eller til et salutvåben, teater- og filmvåben eller specialeffektvåben.»

For halvautomatiske skytevåpen kan det nemnast at det er gjort eit skilje mellom skytevåpen med sentertenning og randtenning. Dette betyr mellom anna at til dømes halvautomatiske rifler i kaliber .22 LR ikkje er rekna som skytevåpen i kategori A, sjølv om dei vert utstyrt med våpenmagasin som har større patronkapasitet enn 10.

Skytevåpen som er omfatta av kategori B, og som difor er underlagde krav til løyveplikt etter artikkel 5 og 10:

- «1. Korte skydevåben med repetermekanisme.
2. Korte enkeltladerskydevåben med centraltænding ved fænghætte.
 3. Korte enkeltladerskydevåben med randantændelse ved fænghætte med en samlet længde på under 28 cm.
 4. Lange halvautomatiske skydevåben, hvis magasin og kammer kan indeholde over tre patroner, når der er tale om skydevåben med randantænding, og mere end tre, men færre end 12 patroner, når der er tale om skydevåben med centraltænding.
 5. Halvautomatiske korte skydevåben, bortset fra dem, der er opført i punkt 7, litra a), i kategori A.
 6. Lange halvautomatiske skydevåben, som er opført i punkt 7, litra b), i kategori A, hvis magasin og kammer tilsammen ikke kan indeholde over tre patroner, hvor magasinet er aftageligt, eller hvor der ikke er sikkerhed for, at våbnet ikke ved hjælp af almindeligt værktøj kan ombygges til et våben, hvis magasin og kammer tilsammen kan indeholde over tre patroner.
 7. Lange skydevåben med repetermekanisme og halvautomatiske skydevåben med glat løb, hvis løb højst måler 60 cm.
 8. Ethvert skydevåben i denne kategori, der er blevet ombygget til affyring af løse skud, lokalirriterende midler, andre aktive stoffer eller pyroteknisk ammunition eller til et salutvåben, teater- og filmvåben eller specialeffektvåben.
 9. Halvautomatiske civile skydevåben, som ligner fuldautomatiske skydevåben, bortset fra dem, der er opført i punkt 6, 7 eller 8 i kategori A.»

Skytevåpen som er omfatta av kategori C, og som difor er underlagde krav til registreringsplikt utan løyveplikt etter artikkel 11:

- «1. Lange skydevåben med repetermekanisme, der ikke er omfattet af kategori B, punkt 7.
2. Lange enkeltladerskydevåben med riflet løb.
 3. Halvautomatiske lange skydevåben, bortset fra dem, der er opført i kategori A eller B.
 4. Korte enkeltladerskydevåben med randantændelse ved fænghætte med en samlet længde på mindst 28 cm.
 5. Ethvert skydevåben i denne kategori, der er blevet ombygget til affyring af løse skud, lokalirriterende midler, andre aktive stoffer eller pyroteknisk ammunition eller til et salutvåben, teater- og filmvåben eller specialeffektvåben.
 6. Skydevåben klassificeret i kategori A eller B eller nærværende kategori, som er blevet deaktivert i overensstemmelse med gennemførelsesforordning (EU) 2015/2403.
 7. Lange glatløbede enkeltladerskydevåben, der markedsføres den 14. september 2018 eller derefter.»

I våpendirektivet vedlegg I punkt IV er det gjeve nærare definisjonar av dei sentrale omgrepa i denne kategoriseringa.

Gjennomføringsrettsakter til EU sitt våpendirektiv

Til våpendirektivet er det fastsett fleire delegerte gjennomføringsrettsakter som utfyller føresegnene i våpendirektivet. Dei mest sentrale rettsaktene er delegert gjennomføringsforordning 2015/2403 om fælles retningslinjer for inaktiviseringsstandarder og inakti-

veringsteknikker med henblik på at sikre, at inaktiverede skydevåben er gjort definitivt ubrugelige med seinare endringar fastsette i delegert gjennomføringsforordning 2018/337, delegert gjennomføringsdirektiv 2019/69 om tekniske specifikasjoner for signalvåben og gas- og signalvåben i henhold til Rådets direktiv 91/477/EØF om erhvervelse og besiddelse av våben, delegert gjennomføringsdirektiv 2019/68 om tekniske specifikasjoner for mærkning av skydevåben og væsentlige dele heraf i henhold til Rådets direktiv 91/477/EØF om erhvervelse og besiddelse af våben, delegert gjennomføringsforordning 2019/686 om fastsættelse af nærmere bestemmelser i henhold til Rådets direktiv 91/477/EØF for systematisk elektronisk udveksling af oplysninger vedrørende overførsel af skydevåben inden for Unionen, og delegert gjennomføringsforordning 2021/1423 om fastsættelse af nærmere bestemmelser i henhold til Europa-Parlamentets og Rådets direktiv (EU) 2021/555 om systematisk elektronisk udveksling af oplysninger vedrørende afslag på meddelelse af tilladelser til at erhverve eller besidde visse typer skydevåben.

FN sin våpenprotokoll

FN sin våpenprotokoll (resolusjon 55/255) vart fastsett 31. mai 2001. Våpenprotokollen er ein del av FN-konvensjonen om grenseoverskridande kriminalitet og var det første globale internasjonale regelverket om kontroll med handvåpen. Noreg ratifiserte konvensjonen 15. september 2003 gjennom St.prp. nr. 58 (2002–2003). Til liks med EU sitt våpendirektiv set FN sin våpenprotokoll ein minstestandard for konvensjonsstatane sin våpenkontroll, og den er ikkje til hinder for at konvensjonsstatane kan gje strengare reglar i sin interne rett. I FN sin våpenprotokoll vert det i hovudsak sett krav til konvensjonsstatane sin kontroll med tilverking, merking, inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Vidare set den krav til at konvensjonsstatane etablerer straffeføresegner for ulovleg tilverking og handel med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

FN sin avtale om våpenhandel

FN sin avtale om våpenhandel (Arms Trade Treaty) vart fastsett av generalforsamlinga i FN 2. april 2013 og ratifisert av Noreg 16. januar 2014 gjennom stortingsvedtak nr. 346. Føremålet med avtalen er mellom anna å etablere ein sams minimumsstandard for kontroll med internasjonal våpenhandel, jf. artikkel 1. Avtalen regulerer i hovudsak internasjonal handel med konvensjonelle våpen, våpendelar og ammunisjon, som nemnt i artikkel 2 til 4, medrekna transitt og våpenmekling.

I avtalen vert det mellom anna sett krav til at avtalestatane skal etablere eit system for kontroll med og dokumentasjon av godkjenningar for utførsel av våpen, våpendelar og ammunisjon som er omfatta av avtalen, jf. artikkel 5 og 12. I artikkel 6 og 7 er det gjeve føresegner om når avtalestatane skal forby slik utførsel, samt krav til førehandsvurdering før dei godkjenner ein utførsel. Vidare er det mellom anna sett krav til at importstaten skal utlevere nærmare bestemt informasjon til denne førehandsvurderinga, jf. artikkel 8.

EMK

EMK er inkorporert i norsk rett gjennom lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettslova). Etter menneskerettslova § 3 skal føresegnerne som er inkorporert gjennom denne lova, gå føre føresegner i anna lovgjeving. Føresegnerne i EMK vert tolka og utfylt gjennom avgjerdene i Den europeiske menneskeretsdomstolen (EMD).

Føresegnerne i menneskerettslova set viktige skrankar for både tolkinga og praktiseringa av våpenregelverket. På den eine sida set EMK skrankar for politiet sin kontroll med tildelte våpenløyve, gjennom føresegner som mellom anna skal verne mot uhøvande inngrep frå styresmaktene. På den andre sida inneber privat våpeninnehav ein risiko for tap av liv og helse ved feil- eller misbruk av skytevåpen. Den sentrale føresegna i EMK som skal verne om retten til liv, er artikkel 2.

EMK artikkel 2 lyder slik i norsk omsetjing:

«Art. 2. Retten til liv

1. Retten for enhver til livet skal beskyttes ved lov. Ingen må med hensikt bli berøvet livet unntatt ved fullbyrdelse av en dom avsagt av en domstol etter å være funnet skyldig i en forbrytelse som loven bestemmer denne straff for.
2. Berøvelse av liv skal ikke anses å være skjedd i strid med denne artikkel når den er en følge av en bruk av makt som ikke går lenger enn absolutt nødvendig:
 - a. for å forsvere en person mot ulovlig vold;
 - b. for å foreta en lovlig pågripelse eller for å hindre en person som holdes i lovlig forvaring i å flykte;
 - c. å slå ned opptøyer eller opprør på lovlig måte»

Retten til liv er rekna som ein av dei mest grunnleggande rettane i EMK. Retten til liv inneber ein negativ plikt for staten til å ta liv og plikt for staten til å fastsette eigna straffeføresegner som vernar mot handlingar som inneber eit trugsmål mot livet. Vidare skal staten etablere eit system for effektiv og uavhengig etterforsking og straffeforfølging av ulovlege handlingar som inneber tap av liv.

Gjennom EMD sin praksis har staten si plikt til å verne om livet fått eit vidare verkeområde og inneber også ei positiv plikt til å treffene høvande tiltak for å verne innbyggjarane mot vilje- og vådehandlingar frå privatpersonar som inneber eit alvorleg og nærliggande («real and immediate») trugsmål mot liv. EMD statuerte desse vilkåra for staten sine positive plikter først i Osman-dommen (Case of Osman v. The United Kingdom (1998) App. No(s). 235294 [EMD-1994-23452]), og dei er vidareutvikla gjennom seinare praksis for ulike livsområde.

Staten si handleplikt til å verne om livet er særleg aktuell når relevant mynde har kjennskap til eit alvorleg og nærliggande trugsmål mot identifiserte personar. Etter EMD sin praksis gjeld også staten sine plikter etter artikkel 2 for verksemder eller aktivitetar som utgjer ein meir generell, men alvorleg og nærliggande risiko for tap av liv.

Etter EMD sin praksis er det gjort ei viktig avgrensing slik at statane ikkje kan verte pålagde plikter som vil vere umogelige å etterleve eller står fram som uforholdsmessig tyngande. Tiltaka må såleis stå i høve til den risikoen som staten har kjennskap til, og dei

høva staten har til å kunne verne om livet i den konkrete situasjonen. Kva tiltak som vil vere høvande, må også verte vurdert opp mot andre konvensjonsplikter, som til dømes retten til privat- og familieliv etter EMK artikkkel 8.

Staten sine plikter til å føre kontroll med og tilbakekalle våpenløyve er nærmere handsama i EMD sin dom (Kotilainen and others v. Finland, Application no. 62439/12), som er omtala nærmere under kommentarane til § 30. For ein nærmere omtale av EMK artikkkel 2 vert det synt til Jon Fridrik Kjølbro, *Den Europæiske Menneskerettighedskonvention for praktikere 6. utgåve kapittel 8.*

Kapittel 2

Lova sitt føremål og definisjonar

§ 1. Føremål

Føremålet med lova er å trygge samfunnet mot uønskte hendingar med våpen og å fremje ein trygg våpenbruk.

Til § 1

Våpenlova § 1 fastset føremålet med lova. Føremålsføresegna utløyser ikkje konkrete rettsverknader, men er ein tolkingsfaktor for våpenlova og våpenforskrifta sine materielle føresegner, samt at føremålet gjev forvaltinga ei retning for utøving av forvaltingskjønnet. Føresegna gjev uttrykk for at det primære føremålet med lova er å verne om samfunnstryggleiken, og i førearbeida er det presisert at ved motstrid går tryggleiksomsynet føre den einskilde sitt behov for skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, jf. Prop. 165 L (2016–2017) s. 80. I førearbeida same stad er det mellom anna også presisert at tryggingsomgrepet omfattar både vilje- og vådehandlingar, skade, risiko for skade og ein grunna frykt for skade knytt til innehav og bruk av våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

Sjølv om hovudføremålet med lova er å trygge samfunnet mot uønskte hendingar, gjev den nye våpenlova høvesvis vide rammer for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. I Innst. 146 L (2017–2018) side 5 vert det mellom anna lagt til grunn at «Ny våpenlov skal ivareta behovene til legale brukere av skytevåpen, samtidig som myndighetenes kontroll med skytevåpen styrkes og samfunnssikkerheten ivaretas».

Det synest såleis ikkje å vere eit overordna mål med våpenlova å redusere talet skytevåpen i privat eige, men å førebygge skadefølgjer knytte til våpeninnehav og -bruk.

I våpenlova synest det å vere to hovudlinjer som på ulike måtar skal verne om dette føremålet, sjølv om desse linene dels går i kvarandre. Den første lina er å førebygge uønskte hendingar ved å hindre at ueigna personar får tilkomst til skytevåpen. Sentrale føresegner i denne samanhengen er mellom anna krava til opplæring og våpendugleik, krava til alder og personlege eigenskapar, føresegnehene om oppbevaring, føresegnehene om inn- og utførsel og føresegnehene om kontroll med og tilbakekall av tildelte våpenløyve.

Den andre lina er å understøtte at den lovlege våpenbruken skjer på ein trygg og forsvarleg måte. Sentrale føresegner som skal underbygge føremålet gjennom denne lina, er mellom anna krava til godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar og teknisk skyteprogram, krava til medlemskap og aktivitet i godkjend skyttar- eller våpensamlarorganisasjon, samt krava til godkjenning av skytebaner.

§ 2. Definisjonar

I denne lova meiner ein med:

1. Våpen: reiskap eller innretning som er laga for bruk i kamp eller jakt, eller som er laga for å likne på slike gjenstandar.
2. Skytevåpen: våpen eller andre innretningar som kan skyte ut, eller på annan måte sende ut prosjektil, gass, signallys, stråling, rakettar, eld eller liknande, samt våpen som kan skyte ammunisjon utan prosjektil. Skytevåpen som er deaktiverte etter § 27, og gjenstandar som enkelt kan gjerast om til å skyte ut eller på annan måte sende ut prosjektil eller substansar som nemnt i første punktum, vert også rekna for skytevåpen.
3. Våpendelar: gjenstandar som er laga for eller særskild tilpassa for bruk i skytevåpen.
4. Ammunisjon:
 - a. patroner eller andre gjenstandar som er laga for å verte skotne i skytevåpen,
 - b. drivmiddel, tennmiddel og prosjektil til gjenstandar som er nemnde i bokstav a,
 - c. handgranat, bomber, rakettar, miner eller liknande gjenstandar, som er laga for å detonere, deflagrere eller sende ut lys, gass, gift, røyk eller liknande.

Innleiing

I våpenlova § 2 vert det gjeve legaldefinisjonar av sentrale omgrep i lova. Våpenlova gjev definisjon av fire sentrale omgrep: våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, som korresponderer med lova sitt verkeområde, jf. § 3. Definisjonane i våpenlova vil såleis gje dei ytre rammene for våpenlova sitt saklege verkeområde. I medhald av våpenlova § 41 nr. 1 er det i våpenforskrifta § 1-1 gjeve fleire definisjonar av sentrale omgrep, som det etter våpenforskrifta knyter seg rettsverknader til.

Internasjonale rammer

I EU sitt våpendirektiv (EU) 2021/555 artikkel 1 nr. 1 til 13 er det gjeve definisjonar av dei sentrale omgropa i direktivet. Nedanfor følgjer ein nærmare omtale av definisjonane av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, som er dei mest sentrale for å definere verkeområdet til våpendirektivet.

Omgrepet «skytevåpen» er i våpendirektivet artikkel 1 nr. 1 definert slik:

«‘skydevåben’: ethvert bærbart våben med løb, som udsender, er konstrueret til at udsende eller kan ombygges til at udsende et hagl, en kugle eller et projektil ved hjælp af et brændbart drivmiddel, medmindre det er undtaget fra denne definition af en af de i bilag I, afsnit III, anførte grunde. Skydevåben er klassificeret i bilag I, afsnit II.

En genstand anses for at kunne ombygges til at udsende et hagl, en kugle eller et projektil ved hjælp af et brændbart drivmiddel, hvis den:

- a) fremträder som et skydevåben, og

b) som følge av sin konstruktion eller det materiale, den er fremstillet af, kan ombygges hertil.»

Etter ordlyden er såleis definisjonen av skytevåpen avgrensa til å gjelde for gjenstandar som enten brukar krut eller andre brennbare stoff som drivmiddel, eller som kan byggast om til å bruke slike drivmiddel. Skytevåpen som til dømes brukar luft eller mekanisk innretning som drivmiddel, slik som luftvåpen, bogar eller armbrøst, fell såleis utanfor definisjonen av skytevåpen i våpendirektivet.

I EU sitt våpendirektiv er det ikkje fastsett nokon særskild definisjon av våpendelar, men slik at det i artikkel 1 nr. 2 er gjeve ein definisjon av kontrollpliktige våpendelar som skal regulerast likt som skytevåpen om dei ikkje hører til eit komplett skytevåpen. *Vesentlege våpendelar* er definert slik:

«‘væsentlige dele’: løbet, rammen, låkestolen, uanset om der er en øvre eller nedre låsestol, hvis det er relevant, slæden, tromlen, bundstykket eller låsen, idet de som særskilte genstande hører ind under den kategorii, i hvilken det skydevåben, som de er eller skal være en del af, er klassifiseret.»

Ammunisjon er i våpendirektivet artikkel 1 nr. 3 definert slik:

«‘ammunition’: patronen i sin helhet eller dele heraf, herunder patronhylstre, tændladning, drivladning, hagl eller projektiler, der anvendes i et skydevåben, forudsat at disse dele selv er underlagt krav om tilladelse i den pågeldende medlemsstat.»

Etter denne definisjonen synest det å ligge til medlemsstatane sin nasjonale rett å fastsette føresegner om omgang med ammunisjonskomponentar.

I FN sin våpenprotokoll, resolusjon 55/255, er det i artikkel 3 bokstav a til f gjeve definisjonar av sentrale omgrep.

I artikkel 3 bokstav a er *skytevåpen* definert slik:

«‘Firearm’ shall mean any portable barrelled weapon that expels, is designed to expel or may be readily converted to expel a shot, bullet or projectile by the action of an explosive, excluding antique firearms or their replicas. Antique firearms and their replicas shall be defined in accordance with domestic law. In no case, however, shall antique firearms include firearms manufactured after 1899.»

Definisjonen er såleis i all hovudsak samsvarande med den som er fastsett i EU sitt våpendirektiv (EU) 2021/555 artikkel 1, som det er synt til ovanfor.

I artikkel 3 bokstav b er *våpendelar* definert slik:

«‘Parts and components’ shall mean any element or replacement element specifically designed for a firearm and essential to its operation, including a barrel, frame or receiver, slide or cylinder, bolt or breech block, and any device designed or adapted to diminish the sound caused by firing a firearm.»

Etter ordlyden synest definisjonen av våpendelar å vere vid, slik at opprekninga av våpendelar ikkje er uttømmande, jf. omgrepet «including».

I artikkel 3 bokstav c er *ammunisjon* definert slik:

«‘Ammunition’ shall mean the complete round or its components, including cartridge cases, primers, propellant powder, bullets or projectiles, that are used in a firearm, provided that those components are themselves subject to authorization in the respective State Party.»

Denne definisjonen synest å vere samsvarande med den som er fastsett i EU sitt våpen-direktiv, jf. omtalen ovanfor.

Nr. 1

Definisjonen av våpen

Føresegna i § 2 nr. 1 definerer kva som vert rekna som våpen.

Omgrepet «våpen» vil etter ei naturleg språkleg forståing omfatte både skytevåpen og andre våpen som tradisjonelt ikkje vert rekna som skytevåpen. Etter førearbeida er det lagt til grunn ei vid forståing av omgrepet, jf. Prop. 165 L (2016–2017) side 80. Der vert det mellom anna uttala: «Dette omgrepet er ikkje meint å avgrense mot gjenstanden sin form eller innhald og omfattar såleis både faste gjenstandar, gass og væsker.»

Sidan det er fastsett ein særskild definisjon av skytevåpen, vil definisjonen av våpen truleg berre ha sjølvstendig betydning for gjenstandar som ikkje fell inn under definisjonen av «skytevåpen» etter våpenlova § 2 nr. 2, sjå omtalen nedanfor.

I våpenlova er det i hovudsak gjeve føresegner om skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Våpen som ikkje vert rekna som skytevåpen, vert såleis i liten grad regulerte, med unnatak av gjenstandar som krev særskilt løyve etter våpenlova § 8, gjenstandar som er underlagde særskild aldersgrense i medhald av § 41 nr. 14, samt for gjenstandar som er underlagde krav til løyve for inn- eller utførsel i medhald av § 41 nr. 22. Desse reglane vert nærmere omtala i kommentarane til § 8.

Etter ordlyden knyt definisjonen seg til det gjenstanden er laga for – kamp eller jakt, samt for etterlikningar av slike gjenstandar. Gjenstanden sitt skadepotensial ved feil- eller misbruk vil difor ikkje vere avgjerande for at den skal rekna som våpen. Verktøy som kokkeknivar, machetar, skogsøkser med vidare kan ha eit like stort skadepotensial som til dømes jaktknivar eller sverd. Grunna sitt bruksføremål vil dei likevel ikkje vere omfatta av våpenlova sin definisjon av våpen.

Det kan vere uklart om gjenstandar som er laga for sport, historiske spel og andre liknande aktivitetar, vil falle inn under definisjonen av våpen. Sidan ordlyden også omfattar våpenetterlikningar, vil klart nok våpenkopiar som skal førestille historiske våpen, vere omfatta. Til dømes vil nok reproduksjonar av sverd, sablar, kårdar eller florettar i metall verte rekna som våpen, sjølv om dei er laga for og marknadsført for andre føremål enn kamp eller jakt.

Vurderinga vert nok ein annan for gjenstandar som i utforming eller materialbruk har fjerna seg så langt frå sitt opphav at dei ikkje lenger er eigna til kamp eller jakt, og dertil at dei enkelt kan skiljast frå eit ekte våpen. Til dømes vil truleg kårdar som er fleksible og

laga til bruk i fektesport med elektronisk markering, nok stå så fjernt frå sitt opphavlege føremål at dei ikkje kan reknast som våpen.

Våpenetterlikningar i plast eller tre har normalt eit langt lågare skadepotensial enn tilsvarande etterlikningar i metall. Sjølv om slike gjenstandar er laga for å likne på våpen, vil dei nok truleg kunne reknast som leiketøy, som etter våpenforskrifta § 3-6 tredje ledd er unnateke frå dei ålmenne forboda mot våpen etter våpenlova § 8.

Nr. 2

Definisjonen av *skytevåpen*

Føresegna i § 2 nr. 2 definerer kva som vert rekna som skytevåpen.

Definisjonen av skytevåpen er knytt til gjenstanden sin funksjon og ikkje bruksområde. Den har såleis motsett utgangspunkt frå definisjonen av «våpen». Dette betyr at gjenstandar som til dømes brukast til industrielle føremål eller redningsarbeid, vil kunne reknast som skytevåpen om innretninga oppfyller dei tekniske kriteria for å kunne definerast som eit skytevåpen.

Definisjonen av skytevåpen etter våpenlova er på fleire punkt gjort vidare enn i våpenlova av 1961. Det er to hovudgrunnar til denne endringa: For det første skal definisjonen vere meir teknologinøytral, og for det andre skal definisjonen harmonere med definisjonen av skytevåpen i EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 1, jf. Prop. 165 L (2016–2017) side 80.

Definisjonen i § 2 nr. 2 første punktum omfattar etter ordlyden for det første dei tradisjonelle skytevåpena som brukar ammunisjon med krut som drivladning, samt alle former for luftvåpen og andre gjenstandar som bogar, armbrøst og andre innretningar som er laga for å sende ut prosjektil eller andre gjenstandar. Vidare omfattar den etter ordlyden også andre innretningar for utsending av prosjektil, gass, signallys, stråling, rakettar, eld eller liknande. Det er såleis ikkje ein føresetnad at gjenstanden brukar krut, gass, eller mekanisk innretning som drivmiddel for utsending. Så langt eg kjenner til, er det ikkje per i dag utvikla skytevåpen som kan skyte eller sende ut prosjektil utan bruk av handkraft eller eit drivmiddel, men dette kan verte utvikla i framtida. Vidare er også våpen som kan skyte ammunisjon utan prosjektil (såkalla blanksvåpen), også som noko nytt teke inn i definisjonen av skytevåpen.

Denne ordlyden omfattar ei rad med gjenstandar som tradisjonelt ikkje har vorte rekna som skytevåpen, som til dømes sprayboksar, røntgenmaskiner, laseravstandsmålarar og andre tilsvarande innretningar. Definisjonen omfattar såleis ei rad med gjenstandar som er i vanleg bruk til heilt andre føremål enn som skytevåpen. Om denne definisjonen av skytevåpen skulle følgjast opp fullt ut, ville det kunne få uheldige følgjer, til dømes ved at minstealder for å kunne ha og bruke hårspray ville vere 18 år, jf. våpenlova § 15. For å bøte på dette er det i våpenforskrifta § 1-5 gjort ei rekke unnatak frå lova sitt verkeområde, sjå merknaden til § 3.

Vidare er skytevåpen som er deaktiverte etter føresegne i våpenlova § 27, omfatta av definisjonen. Etter førearbeida er dette ei tilpassing til EU sitt våpendirektiv, der slike gjenstandar er omfatta av direktivet sitt verkeområde, jf. Prop. 165 L (2016–2017) side 80.

Til sist kan det nemnast at våpenetterlikningar og andre gjenstandar som enkelt kan gjerast om til skytevåpen, også vert rekna som skytevåpen etter våpenlova. Sidan såkalla

blanksskytevåpen vert omfatta av våpenlova sin definisjon av skytevåpen, vil denne føresegna i hovudsak gjelde våpenetterlikningar som er laga så realistiske at dei kan gjerast om til skarpe skytevåpen. Kva som ligg i omgrepet «enkelt», er ikkje nærmere definert i førearbeida. Det er heller ikkje forskriftsfest tekniske krav til slike våpenetterlikningar, og det er såleis uklart kva krav som gjeld for at slike gjenstandar skal falle utanom lova sitt verkeområde.

Det vil i tolkinga vere naturleg å sjå til den tilsvarende definisjonen etter EU sitt våpen-direktiv artikkel 1 nr. 1, der mellom anna forhold som materialbruk og konstruksjon er relevante forhold i vurderinga. Vidare vil det også kunne vere relevant å sjå til vurderinga av kva som krevst for å kunne rekne eit skytevåpen som deaktivert etter § 27. Det gjev lite samanheng i regelverket om det fritt skal kunne omsetjast våpenetterlikningar som er enklare å gjere om til skarpe skytevåpen enn deaktiverte skytevåpen, som er underlagde krav til registreringsplikt.

Nr. 3

Definisjonen av våpendel

Føresegna i § 2 nr. 3 definerer kva som vert rekna som våpendel.

Definisjonen av våpendel etter våpenlova § 2 nr. 2 omfattar etter sin ordlyd alle delar som høyrer til eit skytevåpen, samt gjenstandar som ikkje opphavleg er laga som våpendel, men som seinare er tilpassa til å kunne monterast i eit skytevåpen, sjå Prop. 165 L (2016–2017) s. 80.

Etter ordlyden er ikkje definisjonen knytt til nokon særskild funksjon, men til kva gjenstanden er meint å brukast til. Dette betyr at definisjonen ikkje berre omfattar våpendelar som er naudsynte for at eit skytevåpen skal funksjonere, som til dømes sluttstykke og låskasse, men også andre gjenstandar som er laga for å verte bruka på eit skytevåpen. Døme på sistnemnde gjenstandar vil vere skjefte, støttebein og gjenstandar som er meint å kunne ettermonterast på eit skytevåpen, som til dømes kikkertsikte, montasjar til sikteoptikk og lyddempar. Denne forståinga av ordlyden kjem også klart til uttrykk i førearbeida jf. Prop. 165 L (2016–2017) side 80.

Kva våpendelar som skal vere underlagde våpenlova sine føresegner om kontroll, vert fastsett i medhald av våpenlova § 6 tredje ledd, og det vert her synt til kommentarane under § 6.

Nr. 4

Definisjonen av ammunisjon

Føresegna i § 2 nr. 4 definerer kva som vert rekna som ammunisjon.

Definisjonen av ammunisjon er tredelt etter bokstavane a, b og c. Definisjonen i bokstav a omfattar patroner og andre gjenstandar som er laga for å verte skotne i skytevåpen. Denne definisjonen svarar i hovudsak til definisjonen etter våpenlova av 1961 § 3 bokstav a.

I førearbeida er det presisert at definisjonen er meint å vere vid, slik at den skal omfatte både patroner bestående av prosjektil, hylse, tennmiddel og drivmiddel, samt patroner utan prosjektil (såkalla lausammunisjon), jf. Prop. 165 L (2016–2017) side 80. Den vil

også omfatta patroner utan hylse i tradisjonell forstand (såkalla hylselaus ammunisjon). Denne definisjonen vil i dei fleste høve ikkje ha sjølvstendig betydning, då komponentane til patroner eller andre gjenstandar som er laga for å verte skotne i skytevåpen, er omfatta av definisjonen etter bokstav b. Definisjonen vil likevel kunne fange opp eventuelle nye ammunisjonstypar som ikkje er kjende per i dag, dette kjem særleg til uttrykk ved at han ikkje berre er knytt til patroner, men også andre gjenstandar som er laga for å kunne skytast i eit skytevåpen.

Definisjonen i bokstav b omfattar drivmiddel, tennmiddel og prosjektil til patroner eller andre gjenstandar som er laga for å verte skotne i skytevåpen. Dette vil normalt omfatte tennhetter, krut og prosjektil. Det er likevel presisert i førearbeida at definisjonen også vil omfatta andre typar gjenstandar med tilsvarende funksjon, jf. Prop. 165 L (2016–2017) s. 80–81, mellom anna for å kunne fange opp tekniske nyvinningar. Nokre luftvåpen brukar CO₂-patroner som drivmiddel til å kunne skyte prosjektil. Etter ordlyden og fråsegnene i førearbeida vil også slike CO₂-patroner kunne reknast som ammunisjon etter denne definisjonen, om patronene er produserte for å skulle brukast i skytevåpen. I våpenforskrifta § 2-6 første ledd er det likevel presisert at komprimert luft og andre gassar til luftvåpen er fritekne frå kravet til løyve- eller registreringsplikt. Komprimert luft har mange bruksområde og vert mellom anna bruka til dykking og i sprayboksar. Truleg vil dykkarflasker og andre innretningar med komprimert luft laga for andre føremål enn for skytevåpen, falle utanom definisjonen av ammunisjon etter bokstav b. Sjølv hylsene til patroner (såkalla tomhylser) er heller ikkje rekna som ammunisjon etter bokstav b.

Definisjonen av ammunisjon i bokstav c omfattar mellom anna ulike typar sprengvåpen og andre gjenstandar som er laga for å detonere eller deflagrere. Detonasjon og deflagrasjon er kjemiske prosessar som utløyer energi. Skilnaden mellom desse omgrepene er i hovudsak knytt til kor raskt prosessen går. Ved detonasjon skjer forbrenninga i overlydfart, noko som utløyer større mengder energi enn deflagrasjon, der forbrenninga skjer i underlydfart. Døme på detonasjon vil vere når dynamitt eller anna sprengstoff går av, medan døme på deflagrasjon vil vere forbrenning av krut ved avfyring av ei ferdigladd patron. Vidare omfattar definisjonen også andre gjenstandar som kan sende ut lys, gass, gift, røyk eller liknande. Dette vil typisk vere gassboksar, røykgranatar, lysrakettar, patroner til signalpennar med vidare.

Ordlyden i bokstav c omfattar gjenstandar som er regulerte gjennom lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven), jf. brann- og eksplosjonsvernloven § 2, jf. § 4 bokstav c. Tilsvarande vil også gjelde for krut og tennmiddel til patroner etter bokstav b. I våpenforskrifta § 1-6 er det gjeve særskilde føresegner om tilhøvet mellom våpenlova og brann- og eksplosjonsvernlova, sjå kommentarane til § 3.

Kapittel 3

Sakleg og stadleg verkeområde

§ 3. Sakleg verkeområde

Lova gjeld for våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

Lova gjeld likevel ikkje for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er bestemte for eller som vert bruka i Forsvaret eller politiet si verksemd.

Første ledd

Etter *første ledd* er alle gjenstandar som vert rekna som våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter § 2 omfatta av lova sitt verkeområde. Kva gjenstandar som vert rekna som våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon går fram av kommentarane til § 2. I medhald av våpenlova § 41 nr. 2 er det i våpenforskrifta § 1-5 gjeve ei rad med unnatak frå lova sitt saklege verkeområde, som mellom anna omfattar gjenstandar som tradisjonelt ikkje har vore regulerte som skytevåpen, bogar, samt alle typar skytevåpen som ikkje kan sende ut prosjektil ved hjelp av drivladning, krut, gass eller mekanisk innretning, jf. § 1-5 nr. 1 til 4. Ei endring i høve til rettstilstanden etter våpenlova av 1961 er at svartkrutvåpen produsert før 1890 er omfatta av lova sitt verkeområde, men slik at dei er unntakne frå kravet til løyve- og registreringsplikt, jf. våpenforskrifta § 2-3. Dette betyr at dei vert regulerte på line med andre skytevåpen som ikkje er løyve- eller registreringspliktige. Dette betyr i praksis at desse skytevåpena vert omfatta av krava til alder etter våpenlova § 15, av krava til oppbevaring etter våpenforskrifta § 6-6 og krava til løyve for inn- eller utførsel etter våpenlova §§ 21 og 22, jf. våpenforskrifta § 10-1.

Som noko nytt er også lause hagl til haglevåpen og runde prosjektil til munnladalar og perkusjonsskytevåpen unntakne frå våpenlova sitt saklege verkeområde, jf. våpenforskrifta § 1-5 nr. 8 og 9.

Andre ledd

I *andre ledd* vert det gjort unntak for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er bestemte for eller som vert bruka i Forsvaret eller politiet si verksemd. I Prop. 165 L 2016–2017) punkt. 6.1.5 er unntaket grunngjeve med at «[d]esse etatane sine behov for tilgang til og bruk av slike gjenstandar skil seg vesentleg frå det lova er meint å skulle regulere, og etatane har interne instruksar for tenestleg bruk, som stettar dei omsyn som våpenlova skal verne om».

Skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er bestemte for Forsvaret eller politiet si verksemد

Det første alternativet «bestemte for» er ei vidareføring av den tilsvarende avgrensinga av verkeområdet i § 4 første punktum i våpenlova av 1961, jf. Prop. 165 L (2016–2017) s. 81. Etter ordlyden vil den omfatte våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som Forsvaret eller politiet har gjort avtale om å overta eigedoms- eller bruksretten til.

I Prop. 165 L (2016–2017) er det ikkje gjeve ei nærmere presisering av kva som ligg i dette omgrepet. Sidan føresegna svarar til kva som var gjeldande rett før våpenlova vart fastsett, vil forståinga av det tilsvarende omgrepet etter våpenlova av 1961 § 4 vere relevant for å klarlegge det nærmere meiningsinnhaldet. Den saklege avgrensinga av verkeområdet mot Forsvaret og politiet sine våpen, vart lovfest ved våpenlova av 1961. Etter våpenlova av 1927 var ein liknande avgrensing i medhald av § 23 fastsett i kongeleg resolusjon 24. februar 1928. Denne resolusjonen fastsette at unnataket gjaldt for våpen, skytevåpen og ammunisjon som berre er bestemt for staten.

Ifølgje innstillinga til våpenlova av 1961 vart denne kongelege resolusjonen praktisert slik at unnataket frå lova sitt verkeområde vart gjort gjeldande for våpen, skytevåpen, våpendelar som Forsvaret eller politiet kjøper inn eller innfører, jf. NUT 1958: 9 s. 20. Etter denne innstillinga vart dette lovutkastet mellom anna grunngjeve med at for Forsvaret er «behovet for og bruken av skytevåpen og ammunisjon av en slik karakter at det ikke vil være hensiktsmessig eller rimelig å gjøre våpenlovens bestemmelser gjeldende. Det må også kunne forutsettes at Forsvaret i egen interesse vil føre en effektiv kontroll med de skytevåpen og den ammunisjon de erverver og bruker». Når det gjaldt politiet, uttala utvalet at «[f]or politiet gjelder dels de samme forhold som for Forsvaret. De kontrollmessige hensyn vil fullt ut bli varetatt om politiets skytevåpen og ammunisjon holdes utenfor lovens ramme». Denne føresegna vart ført vidare i Ot.prp. nr. 66 (1959–1960) Lov om skytevåpen og ammunisjon m.v. og fastsett av Stortinget i våpenlova av 1961.

Desse fråsegnene frå førearbeida til både ny og gammal våpenlov syner at ein viktig premiss for unnataket er at gjenstandane er underlagde Forsvaret eller politiet sin kontroll. Omgrepet «bestemte for» må på bakgrunn av desse omsyna tolkast slik at unnataket skal gjelde for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er underlagde Forsvaret eller politiet sine interne kontrollrutinar. Ved sal eller anna avhending av våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon frå Forsvaret eller politiet vil ikkje dei lenger vere omfatta av nemnde etatar sine kontrollrutinar, og i førearbeida er det lagt til grunn at våpenlova sine reglar gjeld ved sal eller anna avhending, jf. Prop. 165 L (2016–2017) s. 81.

Grensetilfelle vil kunne oppstå der Forsvaret eller politiet gjer avtale med næringsdrivande om kjøp, leige, utprøving mv., og der den næringsdrivande skal innføre eller transportere gjenstandane til dei nemnde etatane. Om det er gjort ein bindande avtale om at Forsvaret eller politiet skal kjøpe eller på annan måte erverve gjenstandane, vil den næringsdrivande sin omgang med gjenstandane skje i dei nemnde etatane si interesse. Det vil såleis vere naturleg at Forsvaret og politiet har eit system som trygger at våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon vert handterte, transporterte og oppbevarte på ein forsvarleg måte. Slike leveransar vil også kunne omfatte så sensitivt materiell at Noreg vil måtte kunne forplikte seg overfor avsendar til å etablere særskilde tryggingstiltak ved transport eller bruk, for å hindre at løyndomar vert kompromitterte.

Det vil vere lite tenleg om forvaltinga av desse gjenstandane skal verte overført til politiet si sivile våpenforvalting. Både ordlyd, førearbeida og reelle omsyn tilseier at våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som ein næringsdrivande mellombels har, innfører eller transporterar på grunnlag av ein bindande avtale om at Forsvaret eller politiet skal overta eigedoms- eller bruksretten, fell utanom lova sitt verkeområde etter § 3. Tilsvarande standpunkt er også lagt til grunn i Politidirektoratet sitt våpenrundskriv RPOD 2022/8 punkt 2.2.1.

For våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som ein næringsdrivande ervervar eller har med tanke på vidaresal til Forsvaret eller politiet, vil resultatet truleg vere annleis. Dette standpunktet er også lagt til grunn i RPOD 2022/8 punkt 2.2.1. I slike tilfelle er gjenstandane ikkje «bestemte for» Forsvaret eller politiet i ei snever betydning av omgrepene. Sjølv om sluttbrukaren er meint å vere dei nemnde etatane, vil den næringsdrivande måtte erverve og ha gjenstandane i von om ein avtale om sal eller leige til Forsvaret eller politiet. I mellomfasen fram til ein eventuelt bindande avtale vil Forsvaret eller politiet neppe kunne verte pålagde eit ansvar for å forvalte på vegner av ein privat næringsdrivande.

Ei tolking som gjer at våpenlova ikkje skal gjelde gjenstandar som er erverva av private næringsdrivande med tanke på vidaresal til Forsvaret eller politiet, ville i praksis då føre til at dei ikkje er underlagde noko kontrollsysteem fram til det eventuelt vert gjort ein bindande avtale. Ein slik rettstilstand vil vere uheldig og ikkje i tråd med hovudføremålet med våpenlova, som er å trygge samfunnet mot uønskte hendingar med skytevåpen, jf. merknadene til § 1. Behovet for våpenkontroll tilseier difor at våpenlova gjeld for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som vert erverva med tanke på vidare avhending til Forsvaret eller politiet.

Skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som vert bruk i Forsvaret eller politiet si verksemد

Det andre alternativet, «eller som vert bruk i Forsvaret eller politiet si verksemد», er ny i høve våpenlova av 1961 § 4. Etter ordlyden synest avgrensinga av verkeområde å vere knytt til bruksretten og ikkje til eigedomsretten. Dette i motsetnad til våpenlova av 1961, der ordlyden knytte dette unnataket til eigedomsretten. Om bakgrunnen for denne endringa vert det uttala følgjande i Prop. 165 L (2016–2017) side 23–24:

«Departementet meiner likevel at lovframlegget sitt unnatak bør gjerast snevrare enn gjeldande våpenlov slik at lova også skal gjelde for utlån av skytevåpen som tilhøyrar politiet eller Forsvaret til privat bruk. Slike utlån vil ofte gjelde skytevåpen med stort skadepotensial, som heilautomatiske rifler og handvåpen. Behovet for å føre kontroll med slike gjenstandar er såleis minst like stort som ved anna erverv og innehav.»

Om grensegangen mot privat bruk av Forsvaret eller politiet sine skytevåpen vert det i Prop. 165 L (2016–2017) s. 81 uttala følgjande:

«Denne avgrensinga betyr at lova skal gjelde for privat bruk av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som tilhøyrar politiet eller Forsvaret når bruken ikkje har nokon sakleg samanheng med vedkomande sin funksjon i vedkomande etat. Bruk av utlevert teneste-

våpen i konkurransar eller trening der vedkomande representerer politiet eller Forsvaret, vil difor framleis vere unnateke frå lova sitt verkeområde.»

På grunnlag av ordlyden og denne fråsegna i førearbeida synest det klart at våpenlova ikkje skal gjelde for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som vert oppbevarte eller brukte som ein del av tenesta i Forsvaret eller politiet. Denne tolkinga høver også godt med at Forsvaret og politiet har eit sjølvstendig ansvar for å føre kontroll med skytevåpen som vert utleverte eller brukta i tenesta. Om personell frå Forsvaret eller politiet brukar utleverte våpen eller skytevåpen til privat bruk, vil dette normalt skje utanfor dei nemnde etatane sin kontroll, noko som tilseier at våpenlovgjevinga då bør gjelde for å trygge at innehavet og bruken skjer innafor forsvarlege rammer. Følgjene av denne avgrensinga vil mellom anna vere at privat bruk av slike skytevåpen vil kunne krevje eit utlånsløyve eller ei utlånsfråsegn etter våpenlova § 18.

Eit spørsmål som ikkje er omtala i førearbeida til våpenlova er om lova skal gjelde ved besøk frå utanlandske militære styrkar eller utanlandske polititenestepersonar som har med våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Ein slik innførsel vil normalt vere grunna i ein avtale eller anna rettsgrunnlag som opnar for at utanlandsk personell tek med slike gjenstandar inn i landet. Føremålet med innførselen vil i hovudsak vere til bruk ved øving med norske militære eller politiet eller som bistand for å løyse tenesteoppdrag. Begge føremål vil skje som ein del av nemnde etatar si verksemd og vil truleg måtte vere omfatta av unnataket for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er «bruka i Forsvaret eller politiet si verksemd».

Motsett så vil innførsel, erverv, innehav mv. av slike gjenstandar frå private tryggingsvakter ikkje vere omfatta av unnataket frå våpenlova § 3, då slike vakter ikkje utfører oppdrag på vegner av Forsvaret eller politiet. I våpenforskrifta § 10-16 er det også sett krav til våpenløyve for tryggingspersonell som mellombels skal innføre skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i samband med tryggingsoppdrag, noko som tilseier at våpenlova gjeld for private tryggingsvakter. Tilsvarande standpunkt i høve til skiljet mellom personell tilknytt politiet eller Forsvaret og private tryggingsvakter er også lagt til grunn i arbeidsgrupperapport om lov om militær disiplinærmyndighet, lov om militær politimyndighet og påtalemessig behandling av militære straffesaker side 217.

§ 4. Stadleg verkeområde

Lova gjeld for Noreg.

Lova gjeld for Svalbard, Jan Mayen og i dei norske bilanda, jf. lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvetøya, Peter Is øy og Dronning Maud Land m.m. med dei avgrensingar som Kongen fastset som følgje av dei stadlege forholda.

Innleiing

I våpenlova § 4 vert det gjeve føresegner om lova sitt stadlege verkeområde. Det stadlege verkeområdet betyr det geografiske området der lova skal gjelde. Utgangspunktet er at Noreg har full suverenitet over norsk territorium (territorialprinsippet), og at norsk rett

og tvangsmynne gjeld i dei geografiske områda som er underlagde norsk sjølvstyre. I lov eller anna rettsgrunnlag kan det likevel vere gjort unnatak frå dette. Fastlands-Noreg, Svalbard og Jan Mayen vert rekna som ein del av Kongeriket Noreg, jf. Grl. § 1, lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard (Svalbardloven) § 1 og lov 27. februar 1930 nr. 2 om Jan Mayen § 1.

Vidare er dei norske bilanda Bouvetøya, Peter Is øy og Dronning Maud land underlagde norsk suverenitet gjennom lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvet-øya, Peter Is øy og Dronning Maud Land m.m. (bilandsloven) § 1.

Sjøterritoriet ut til 12 nautiske mil frå grunnlina vert rekna som norsk territorium, jf. lov 27. juni 2003 nr. 57 om Norges territorialfarvann og tilstøtende sone (territorialfarvannsloven). I forskrifter 14. juni 2002 nr. 625, 1. juni 2001 nr. 556, 30. august 2002 nr. 943 og 25. februar 2002 nr. 2056 er det gjeve nærmere føresegner om kvar grunnlinene går i høvesvis Fastlands-Noreg, på Svalbard, Jan Mayen og Bouvet-øya. Vidare reknaast også *luftrommet* over det norske land- og sjøterritoriet som norsk territorium.

Gjennom ålmenn folkerett eller traktat er det mellom anna gjort nokre unnatak frå utgangspunktet om at norsk rett og tvangsmynne gjeld fullt ut på norsk territorium, som kan ha praktisk betydning for handheving av våpenlova på norsk territorium. Utanlandske skip har som utgangspunkt rett til uskyldig gjennomfart gjennom norsk sjøterritorium, jf. havrettstraktaten artikkel 17. Kyststaten er vidare tilrådd å syne etterhald med å utøve strafferettsleg jurisdiksjon om bord på skip som passerer sjøterritoriet utanom i nærmere bestemte tilfelle, jf. havrettstraktaten artikkel 27. Om eit utanlandsk fartøy anløper ei norsk hamn, vil i utgangspunktet norsk rett, medrekna våpenlova, gjelde fullt ut. Etter internasjonal praksis bør likevel kyststaten vere etterhalde med å gripe inn overfor det som vert rekna som skipet sine indre forhold, som ikkje vert rekna for å kunne påverke kyststaten sine interesser. For nærmere omtale vert det synt til Matningsdal, *Straffeloven: kommentarutgave* med vidare tilvisingar.

For luftfartøy er det mellom anna gjeve særskilde føresegner om jurisdiksjon i konvensjon 14. september 1963 forbrytelser og visse andre handlinger begått om bord i luftfartøy. Noreg ratifiserte denne konvensjonen gjennom kgl.res. 1. juni 1967. Etter artikkel 3 i denne konvensjonen har registerstaten som utgangspunkt jurisdiksjon over handlingar som skjer om bord i luftfartøyet. I artikkel 4 er det vidare sett skrankar for når territorialstaten kan gripe inn overfor eit utanlandsregistrert luftfartøy for å straffeforfølgje handlingar som har skjedd om bord i fartøyet.

Første ledd

Etter *første ledd* gjeld våpenlova i Noreg. Denne ordlyden peikar i retning av at verkeområdet gjeld for det land- og sjøterritoriet som vert rekna som ein del av Kongeriket Noreg, det vil seie Fastlands-Noreg, Svalbard og Jan Mayen, medrekna sjøterritoriet og luftrommet over fastland og sjøterritoriet. Våpenlova sitt verkeområde på Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda vert særskilt omtala under kommentarane til andre ledd.

I Prop. 165 L (2016–2017) side 81 er det presisert at «[d]et stadlege verkeområdet omfattar heile det norske fastlandet, samt dei andre områda, skip, luftfartøy med meir, som nemnt i straffelova § 4». Dette betyr at våpenlova sitt geografiske verkeområde er meint å skulle samsvare med det stadlege verkeområdet, som er fastsett i straffelova § 4.

I straffelova § 4 første ledd er det fastsett at lova gjeld for Fastlands-Noreg, Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda.

I straffelova § 4 andre ledd bokstav a til c vert verkeområdet utvida til også å gjelde for nærmere bestemte område utanfor norsk land- og sjøterritorium, men der Noreg etter folkeretten eller anna rettsgrunnlag har jurisdiksjon. Etter § 4 andre ledd bokstav a gjeld straffelova også på «innretninger på norsk kontinentalsokkel for undersøkelse etter eller utnytting eller lagring av undersjøiske naturforekomster og på rørledninger og andre faste transportanlegg tilknyttet slike innretninger også når de ligger utenfor norsk kontinentalsokkel». Kva som vert rekna som norsk kontinentalsokkel, er nærmere definert i lov 18. juni 2021 nr. 89 om Norges kontinentalsokkel. Det stadlege verkeområdet omfattar både faste og flytande innretningar (til dømes skip), uavhengig av nasjonalitet, men er sakleg avgrensa til å gjelde for innretningar som driv med undersøking etter, lagring eller utnytting av undersjøiske naturførekommstar. Dette betyr at våpenlova ikkje gjeld for til dømes utanlandske skip som til dømes transporterer forsyningar til boreplattformer eller som driv fiske på kontinentalsokkelen.

Vidare gjeld verkeområdet også utanfor kontinentalsokkelen, for rørleidningar og andre faste transportanlegg som er tilknytte innretningar som driv undersøking etter, utnytting eller lagring av undersjøiske naturførekommstar på norsk kontinentalsokkel. For nærmere om straffelova sitt verkeområde på norsk kontinentalsokkel vert det synt til Matningsdal, *Straffeloven: kommentarutgave*.

Føreseggnene i straffelova § 4 andre ledd bokstav b gjeld jurisdiksjon for nærmere bestemte straffebod som ikkje omfattar våpenlova, og er såleis ikkje relevante for våpenlova sitt stadlege verkeområde.

Etter straffelova § 4 andre ledd bokstav c første punktum gjeld lova også på «norsk fartøy, herunder luftfartøy, og boreplattformer eller liknende flyttbar innretning». Om fartøyet eller innretninga er på eller over territoriet til ein framand stat, vil våpenlova berre gjelde for personar som følgjer med fartøyet eller innretninga, jf. straffelova § 4 andre ledd bokstav c andre punktum. Desse føresegnene inneber mellom anna at verkeområdet gjeld for fartøy og liknande som er i internasjonalt farvatn eller i ein annan stat sin økonomiske sone. Vidare vil den også kunne gjelde i eller over ein annan stat sitt land-, luft-, eller sjøterritorium for personar som er knytte til fartøyet eller innretninga. For nærmere omtale av denne føresegna synast det til Matningsdal, *Straffeloven: kommentarutgave*.

Etter våpenlova § 41 nummer 3 er det gjeve ein valfri forskriftsheimel til å kunne gje forskriftsreglar om «unnatak frå våpenlova for skytevåpen, våpendalar eller ammunisjon som skal brukast på boreplattformer, norske skip med vidare, jf. § 4». Denne forskriftsheimelen er ikkje teken i bruk, og våpenlova er difor meint å gjelde for dei områda utanfor norsk territorium som er nemnde ovanfor. For norske registrerte ISPS-skip som seglar i nærmere bestemte farvatn, er det i våpenforskrifta § 5-8 gjeve ei særskild føresegns om erverv av skytevåpen, våpendalar og ammunisjon til vern mot åtak. At våpenlova også skal gjelde utanfor land og sjøterritoriet, kunne med føremon ha vore lovfesta, slik at verkeområdet kom klart fram av ordlyden.

Andre ledd

I andre ledd vert våpenlova sitt verkeområde på Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda regulerte. Som biland reknast Bouvetøya, Peter Is øy og Dronning Maud Land.

Etter § 2 i Svalbardlova, lov om Jan Mayen og bilandsloven gjeld norsk privatrett, strafferett og den norske lovgjevinga om rettspleia også for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda. Kongen er gjeve mynde til å fastsette i kva grad anna lovgjeving gjeld på desse områda. Dette betyr at det følgjer av dei einskilde lover eller forskrifter i kva grad dei skal gjelde for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, med unnatak for dei rettsområda som er særskilt nemnde ovanfor.

Etter våpenlova § 4 andre ledd gjeld lova som utgangspunkt også for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda «med dei avgrensingar som Kongen fastset som følgje av dei stadlege forholda». For personar som oppheld seg på Svalbard og Jan Mayen, vil faren for isbjørnåtak medføre eit særskilt behov for å kunne erverve, ha og transportere skytevåpen. Vidare gjer den store mengda turistar som besøker Svalbard, og dei mange utlendingar som tek opphald der, at det også er behov for andre særordningar.

Difor er det i våpenforskrifta gjeve særskilde føresegner om erverv og innehav av skytevåpen til vern mot isbjørnåtak for personar som skal opphalde seg i område med førekommst av isbjørn. Vidare er det for Svalbard også gjeve særskilde føresegner om transport og mellombels oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon, krav til vandel, inn- og utførsel av nærrare bestemte ammunisjonstypar, samt for utferding av europeisk våpenpass. I våpenforskrifta § 1-8 er det gjeve eit oversyn over dei særskilde føresegnene som er fastsette for Svalbard og Jan Mayen. For dei norske bilanda er det ikkje gjort slike tilpassingar, slik at våpenlova gjeld fullt ut på desse områda.

I Noreg er det registrert kring 1,4 millionar skytevåpen på om lag 480 000 løyvehavarar. Størsteparten av våpenløyva er knytt til jakt og skytesport. Ein kan også erverve skytevåpen til andre føremål, til dømes samling, minneverde og næringsverksemd. Våpenlova regulerer dei fleste former for omgang med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Lova regulerer også næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, til dømes handel, tilverking og reparasjon. Føremålet med lova er å hindre uønskte hendingar med våpen og å fremje ein trygg våpenbruk.

Denne boka gjev ein grundig omtale av føresegner i våpenlova og sentrale føresegner i våpenforskrifta. Vidare vert det også gjeve ein omtale av relevante internasjonale rettsakter, som set dei ytre rammene for den norske våpenlovgjevinga.

Lovkommentaren er eit praktisk oppslagsverk for juristar som kjem bort i våpenlova. Han vil også vere nyttig for våpeneigarar, skyttarlag, næringsdrivande og andre som har behov for kunnskap om våpenlovgjevinga.

Verner Bjerkvik er advokatfullmektig i Norges Bondelag. Frå 2013 til 2019 arbeidde han som seniorrådgjevar i Justis- og beredskapsdepartementet og hadde mellom anna hovudansvaret for å skrive proposisjon til ny våpenlov og høyringsutkast til ny våpenforskrift. Han tok også del i arbeidet med gjennomføring av EU sitt reviderte våpendirektiv (EU) 2017/853 og ulike gjennomføringsrettsakter til dette direktivet.

• Denne utgivelsen finnes også på www.juridika.no

Universitetsforlaget

ISBN 978-82-15-05211-3



9 788215 052113